



❖ bygd for alle

## Tilstandsrapport for Voss barnevern 2022





❖ bygd for alle

Barneverntenesta på Voss leverer i år sin andre tilstandsrapport til heradsstyret.  
Bakgrunnen er at dette vart eit lovkrav frå 01.01.2021.

Målet med rapporten er at heradsstyret vert betre kjent med barneverntenesta og får  
auka bevisstheit om kva som er godt barnevern. God politisk styring forutset kunnskap og  
innsikt.

Innspel frå heradsstyret vil verte nytta til å gjere kvalitetsrapporten for 2022 enno meir  
relevant og interessant.

Me er med i KS Barnevernsløft i Vestland, som skal hjelpe oss med forståinga av kva  
oppgåver det politiske systemet har inn mot barnevernfeltet. Arbeidsgivarrolla.



❖ bygd for alle

Oppsummering:

*Barnevernstenesta arbeider etter Lov om barneverntenester. Målet vårt er å overhalda lovkrava til sakshandsaminga og gjennom dette unngå at det skjer avvik. I 2021 mottok barnevernet 186 meldingar om born i kommunen. I 2022 har me frå 01.01.22- 31.12.22 mottatt 124 meldingar.*

*Me er organisert med leiar og to team-leiarar. Dette er leiar for undersøking og tiltak og leiar for fosterheimsoppfølging og voss familiesenter. Me skal vera eit berekraftig BV som skal levera innan alle fristar og gjennom dette syta for at familiar som treng hjelp av barnevernet får rett hjelp til rett tid.*

*Barnevernreforma som trer i kraft frå 2022, vil påverka kommunen sitt arbeid i heile oppvekstsektoren. Reforma vil medføra auka communal eigenfinansiering , tettare samarbeid med andre tenester og kommunar, fleire lokale tiltak og auka fokus på førebygging og ettervern.*

**Voss herad sine samla utgifter til barnevern ligg høgare enn snittet i fylket og landet.** Dette skuldast i hovudsak fosterheimspllasseringar, der mange born er plassert langt frå Voss og der mange fosterheimar har høg grad av frikjøp. I tillegg ligg me høgt på kjøp av private tenester, noko som skuldast at me har få kommunale hjelpetiltak for dei som treng noko anna enn fosterheimspllassering. Me jobba med å få på plass alternative kommunale hjelpetiltak for å få ned kostnadane på kjøp av hjelpetiltak.



❖ **bygd for alle**

***Viktige satsingar for barnevernet i 2022 er:***

- *Deltaking i Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) -satsinga og implementerings arbeidet.*
- *Voss herad er i dag med KS Barnevernløft i Vestland, som skal hjelpe oss med forståinga av kva oppgåver det politiske systemet har inn mot barnevernfeltet.*
- *Implementering av oppvekstreforma (barnevernreforma) 2022. Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet, som jobba med saker som omhandla vald og seksuelle overgrep*
- *Implementera arbeidsmodell som omhandlar høgkonfliktsaker (Vestlands-modellen)*
- *Me jobba systematisk og målretta for å hjelpe familiane som strever mest, og som står i fare for å mista omsorgen for borna.*
- *Halda fram de føremålstenleg samarbeidet med andre kommunar og nye oppgåver etter barnevernreforma 2022.(kompetanseregionen)*
- *HMT-arbeid (helse, miljø, tryggleik); med fokus på å ta vare på dei tilsette i tenesta.*
- *Innkjøp av nytt fagprogram som skal gjera oss meir digitale og effektive. Det vil kvalitetssikra vår dokumentasjon på ein enklare og tryggare måte. Programmet inneheldt digital postgang, arkiv og meldingsteneste.*



❖ bygd for alle

## Temaområde

Det er ein trend i Norge at barnefattigdomen aukar. Det ser me også på Voss. Familiar som lev med utfordringar knytt til økonomi over tid, får ofte slitasje som syner seg på andre livsområder. Me ser dette særskilt godt i familiarer med minoritetsbakgrunn. I barneverntenesta kan me sjå fattigdommen gjennom utanforskap, låg sjølvkjensle, skam, konfliktar i familien, därleg utstyr, därlege bustader, mindre nettverk, utryggleik og at den enkelte er sliten. Me ser viktigheita av at kommunen har god kompetanse innan økonomisk rådgjeving og syner her særleg til NAV Voss sin kompetanse. Barneverntenesta samarbeidet med NAV, men ynskjer eit nærmare samarbeid utover året.

På Voss har me kort avstand til spesialisttenestene psykisk helsevern for barn og unge (BUP) -og Familievernet i Odda, samt Familievernet i Bergen og omland.(nytt kontor på Voss frå feb.2023) Me ser likevel at det fører til press på våre lokale tenester om å levera tilbod som ligg tett opp til eller overlappar med og delvis erstattar desse tilboda. Her kan me særleg trekkja fram at Familiesenteret sin kompetanse vert ynskt som tillegg til, i overlapp eller til erstatning for tilbod ynskt av BUP Voss og Familievernet i Odda. Ventetid på desse tilboda, gjer at det er stor etterspurnad etter familierettleiarane og kommune psykologane i heradet. Dette kan me sjå på som eit teikn på at innbyggjarane i heradet har eit stort behov for hjelpetiltak, noko som utgjer prioritodingsutfordringar. Nokre gongar kan det også vera eit spørsmål om born, unge og familiene får den spesialiserte hjelpa dei har rett på og behov for.



❖ bygd for alle

## Barnevernsreforma/oppvekststreforma 2022

### Mål med barnevernsreforma

- Kommunane skal styrka arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- Hjelpa som skal bli betre tilpassa born og familiar sine behov
- Rettstryggleiken til born og familiar skal verta godt ivaretaken
- Ressursbruken og oppgåveløysinga til barnevernet skal verta meir effektiv



bygd for alle

Hjelpetiltak skal ha som føremål å bidra til positiv endring hos barnet eller familien. Hjelpetiltak kan berre setjast i verk når familien samtykker. Fylkesnemnda kan fatta vedtak som pålegg foreldra å ta imot hjelpetiltak.

Nokre døme på hjelpetiltak frå barneverntenesta

- Råd og rettleiing
- Familieråd
- Støttekontakt
- Besøksheim
- Miljøarbeidar i heimen
- Samarbeidsmøter med andre instansar
- Friviljug fosterheim
- Opphold på Foreldre-barn-senter
- Økonomisk stønad til SFO, barnehageplass eller særlege fritidsaktivitetar

På Voss opplever me ein aukande positivitet når det gjeld bidrag til born og familiar som har behov for ekstra vaksenstøtte. Men me treng fleire vaksne som kan vere støttespelarar til born og familiar som er i ein utfordrande situasjon. Me må mobilisere i og rundt familiene. Kva finnes av støtte i familie og slekt eller i nabolag? Korleis kan me gje rett hjelp til rett tid gjennom profesjonelle nettverk og samarbeidspartnarar?

Det viktigaste barnevernsarbeidet vert utført utanfor sjølve barneverntenesta. Me har gode helse-system, skule for alle, tilbod om fritidsaktivitetar, bibliotek, trygge bu-miljø, barnehagar og gode støttetenester for alle barn. Trygg oppvekst for alle, er godt førebyggande barnevern.



## Familiesenteret si rolle i tiltaksarbeidet

Familiesenteret har medansvar for å gje familiar råd og rettleiing som hjelpetiltak når barnevernstenesta tilviser etter å ha fatta vedtak. Dette gjeld både hjelpetiltak, fosterforeldre og foreldre som har mista omsorga, men ikkje der barn er plassert i fosterheim i annan kommune.

Eit viktig mål i oppvekstreforma 2022 er betre førebyggjande innsats og samarbeid. Me ønskjer at Voss skal vri innsatsen i retning førebygging og tidleg innsats. I tillegg til å jobba etter vedtak frå barnevernstenesta, skal Familiesenteret også gje råd, rettleiing og kurs til foreldre som ber om det.

Så langt har det vore lite kapasitet til å tilby rettleiing som lågterskel. Ein ser i lys av reform at ved å styrke lågterskeltiltak kunne ein ha førebyggja ein del saker som etter kvart hamnar i barneverntenesta, då vanskane tilspissar seg når familiene ikkje får rett hjelp til rett tid. Tidleg innsats er heilt naudsynt for å oppfylla krava til endå sterkare kommunal innsats for å førebyggja flytting av barn og betra deira levekår heimen.



❖ bygd for alle

## Plasseringar/fosterheimar/institusjon/ettervern:

I 2022 var 30 born plassert i fosterheim, dette inkluderer to born som er plassert på institusjon. Dei siste åra har barnevernet alltid vurdert om det er eigna plasseringar i slekta og nettverket til barnet. Det er også fokus på å plassera barna i familiar med same kulturelle bakgrunn og språk, der det er mogleg.

Når ungdomen samtykker, kan tiltak som vert sett i verk før barnet har fylt 18 år oppretthaldast eller erstattast av andre tiltak omhandla i barnevernlova inntil barnet har fylt 25 år. Me vil av denne årsak kunna venta oss ei auke i talet på ettervernstiltak frametter. Målet med ettervernnet er å sikra ein god prosess inn mot vaksenlivet.

Fleire born med barnevernserfaring mottek mindre praktisk, emosjonell, økonomisk og sosial støtte enn barn utan slik erfaring. Dei møter vaksenlivet uførebuedd, utan tryggleiksnett og sosiale nettverk som gjev nyttig støtte. Forskarar tilrår at kommunane difor utviser eit større ansvar for denne gruppa. Forsking syner at ettervern kan ha ein langsigkt effekt på fullføring av vidaregåande skule, og det reduserer sannsynet for å få uførepensjon. Indirekte vil ettervern også kunna påverka mottak av arbeidsavklaringspengar og sosialhjelp. Bufdir uttrykker eit klart mål om at ettervern skal prioriterast og at fleire born skal sikrast eit ettervernstilbod. Her vil nettverksfokus, samarbeid med andre instansar og fleksibilitet vera viktig. I ettervernsarbeidet skal det fokuserast på framtida, skule og langvarige relasjonar.

I 2022 fekk 17 ungdomar over 18 år oppfølging frå barneverntenesta på Voss.



❖ bygd for alle

## Kvalitet

I 2022 hadde alle tilsynsborna i heradet, eigne tilsynsførarar. Alle tilsynsborn skal ha fire tilsyn i året, i nokre tilfeller to gonger i året dersom fylte 15 år. Når det gjeld tilsynskravet, ser det i statistikken ut til at kravet stort sett er oppfylt i alle sakene.

Tenesta har ambisjonar om å levera høg kvalitet på tiltaka til familiane. Me ynskjer også høg kvalitet på ivaretaking av tilsette og oppdragstakrar.

**Målbilete: Barneverntenesta på Voss møter alle med varme.**

**Barnevernet gjev rett rett hjelp til dei som treng det, og vert erfart som ein open og god samarbeidspartner for heile laget rundt barnet.**

Digitaliseringa gjennom åra med covid-19, har gjeve tenesta ein stor fordel gjennom digitale møte. Fleire møter som tidlegare vart gjennomført fysisk, skjer no på Teams. Ofte fungerer dette godt, sjølv om det heilt klårt ikkje erstattar fysiske møter i alt vårt arbeid. Kanskje har situasjonen gjort oss meir tilgjengelege og gjort det enklare å samordna møter med andre instansar.



❖ bygd for alle

- **Bemanning og kompetanse**
- Det er ein pågåande samfunnsdebatt om dei tilsette i barneverntenesta har kompetanse til å gjera ein god nok jobb. På Voss har fleirtalet av sakshandsamarane vidareutdanning utover treårig høgskule. I år har tre medarbeidarar søkt seg inn på vidareutdanning/master. Dette syner at det er interesse for vidare fagleg utvikling, noko me meiner er viktig. Me har gjennomført kursa som Bufetat har rulla ut, som skal overføra kompetanse til kommunen innan fosterheimsarbeid.
- I nytt lovverk er det signalisert at tilsette og leiarar som skal utføra kjerneoppgåver må ha fullført femårig barnevernfagleg mastergrad. Dette kravet er tenkt innført frå 2031. Dette gjev eit frampeik mot behov for satsing på vidareutdanning og rekruttering av nye medarbeidarar som skal fylla komande krav.



❖ bygd for alle

**Samarbeid med andre sektorar:** Samordning og samarbeid er avgjerande viktig for å gje born og familiar rett hjelp til rett tid

Dei kommunale tenestene barnevernet samarbeider med er helsestasjon og skulehelseteneste, fastlege, NAV, Psykisk helse og rus, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), familievernkontoret, tildelingskontoret, konsultasjonsteamet, kommunepsykologane, skular og barnehagar. Andre viktige samarbeidspartnarar for oss er mellom andre Politiet, BUP og VOP.

**Førebyggande arbeid** - Voss herad arbeider med Kommunedelplan om tidleg innsats og livsmeistring. Denne planen vil gje oss overordna mål og retning i arbeidet vårt



#### Utfordringsbiletet

Dei tilsette i tenesta er ein viktig ressurs. Som i andre tenester, ynskjer me stabilitet i eininga slik at dei tilsette får erfaring og aukar sin kompetanse. Arbeidsfeltet kan opplevast utfordrande og me treng å byggja eit godt arbeidsmiljø, slik at arbeidsstokken er rusta for dei oppgåvane som skal løysast til ei kvar tid. Barneverntenesta er glad for å få ta del i KS sitt barnevernløft, samt for at politikarane i heradet syner stor interesse for tenesta vår. Me opplev dette som eit godt forebyggingstiltak for å hindre turnover og sjukemeldingar. Det er viktig at dei tilsette opplev støtte i ein krevjande arbeidskvardag.

*Det inneber at me held fram satsinga på:*

- *Ei synleg og operativ leiing*
- *Gjennomgang av rutinar*
- *Ei aktiv arbeidsmiljøgruppe*
- *Tilrettelegging for tilsette som treng det*
- *Halda fram med regelmessig møtestruktur gjennom ei arbeidsveke i ein travel kvardag.*
- *Ekstern rettleiing*
- *Faste saksdrøftingar for den enkelte sakshandsamaren.*

Når det gjeld kjerneoppgåvane våre, har me over tid hatt fokus på å overhalda fristar og lovkrav. Avvika er svært få. I lag med rettleiarane våre har me laga eit målbilete som gjev retning for barneverntenesta. Målretta arbeid gjeve betre resultat og målet vårt er å liggja på 100% berekraftig barnevern, utan lovbroter.



❖ bygd for alle

#### Viktige satsingar for oss i 2023 er:

- Deltaking i BTI-satsinga og implementerings arbeidet.
- Implementere oppvekst/barnevernreforma 2022.
- Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet.
- Implementera Vestlands-modellen i vårt arbeid med familiar som lever i omfattande konflikt.
- Jobba systematisk og målretta for å hjelpe familiene som strever mest og som står i fare for å mista omsorgen for borna.
- Etablera føremålstenleg samarbeid med andre kommunar og nye oppgåver etter reforma.
- KS barnevernløft Vestland
- HMT-arbeid (helse, miljø, tryggleik); med fokus på å ta vare på dei tilsette i tenesta.
- Styrka oppfølginga til fosterheimane for å unngå utilsikta flyttingar